

## KORTREFF PÅ ØRSTA BEDEHUS 17. NOVEMBER

Fredag 17. november inviterer husstyret til Ørsta Indremisjon til Kortreff på Ørsta bedehus. Denne fredagskvelden har vi gleda av å presentere heile tre kor, som kjem frå ein «køyreradius» på om lag ein time frå Ørsta.

Mest kjend for oss ørstingar er truleg koret **faSong**, der songarane høyrer til i Ørsta/Volda, frå Herøy kjem koret **Kvit Sektor** og frå Stryn kjem **Frostskoddekoret**.

Dei tre kora skal synge kvar sine avdelingar, i tillegg blir det nokre allsongar. Etterpå inviterer vi både publikum og songarar til sosialt samver med sal av pizza, kaker og drikke i matsalen. Alle er hjarteleg velkomne.

Så litt om kvart kor, slik at vi veit kva vi kan gle oss til: Koret **faSong** består av 18 songarar og øver rundt i stovene til songarane. I sofakrokane øver dei på eit eigenarrangert og i stor grad også eigenkomponert repertoar, frå salmetonar, sonettar, viser og gospelmelodiar til popsongar. Koret gav ut ein jule-CD i 2012 og i år kjem ein ny CD med songar inspirerte av forteljningane i dei fire evangelia.

I Ørsta vil **faSong** synge frå ulike delar av repertoaret, med innslag av salmar og nordnorsk visekunst. Melodiane går frå dvelande harmoniar til rytmiske svingingar, frå dei stillfarne og våre salmemelodiane til eit meir jazzprega uttrykk.

Frå Stryn kjem **Frostskoddekoret**, som har 18 medlemmer for tida. Namnet fall seg slik fordi dei syntest det alltid var frostscode på fjorden og elva når dei hadde øving. Koret øver ein gong i månaden og avsluttar med kveldsmat ilag etter kvar øving. Dei har ingen tradisjonar, det måtte einast vere at dei har ein konsert kvar vår, ein stad i nærleiken. Elles har dei tre gonger «turnert» med Geirr Lystrup og Moskva Balalikakvartett før jul. Koret har også hatt jazzkonsert saman med Mixmasters, framført Rutters Requiem saman med høgskulekoret i Volda, Vivaldis Gloria saman med Symfoniorkesteret i Volda og sunge saman med solistar som Hans Inge Fagervik, Christian Ingebriktsen, Jorunn Marie Kvernberg og Helene Bøksle. Ja, dei har også hatt konsert saman med **FaSong**.

**Kvit Sektor** er eit tverrkyrkjeleg kor som er lokalisert i Herøy kommune. Dei 18 songarane øver på Berge bedehus kvar 14. dag. Nasko Nikolaev er musikalsk leiar. Kvit Sektor likar å synge litt forskjellig, men det vert mest lovsongar og salmar. Oftast syng dei i kyrkje eller bedehus i Herøy. Målsetjinga er å spreie evangeliet om Jesus innad i koret og til tilhøyrarane.

Husstyret i Ørsta Indremisjon



Koret Kvit Sektor frå Herøy